



Statens vegvesen

Vedlegg 2

Dato: 31.01.25

Innkomne merknader til kunngjering og kommentarar til disse

Grunneigarar, offentlege myndigheiter, lokale organisasjonar og andre berørte blei varsla om planarbeidet i brev av 27.10.23. Frist for merknader var 13.12.23. Det blei i brev av 08.12.24 gitt utsett frist til 15.01.24. Det blei den 17.06.24 varsla om tilleggskunngjering då det var behov for meir areal enn først anteke. Tilleggskunngjeringa omfatta eit mindre areal lengst i sør. Varsel blei sendt grunneigarar, offentlege myndigheiter, lokale organisasjonar og andre berørte. Frist for merknader var 05.07.24. Det kom inn åtte merknader til kunngjeringa og to merknader til tilleggskunngjeringa.

Tabell 1 – merknader til kunngjering

Merknad frå		Oppsummering	Statens vegvesen sin kommentar
Offentlege etatar			
1.1	Statsforvaltaren i Agder, brev datert 10.01.24	<u>Dyrka mark</u> : Bevaring av dyrka jord er ei nasjonal interesse. Oppfordra til nullvisjon for omdisponering. Der dyrka jord vert råka av tiltaket, skal jordsmonnet sikrast ein forsvarleg gjenbruk i nærområdet, til matproduksjon. Statsforvaltaren tilrår at det utarbeidast ein plan for handtering av dyrka jord i samband med planarbeidet, og at det blir tatt inn i planens føresegn at dyrka jord skal takast i vare i samsvar med føringar i matjordplan. Statsforvaltaren ber også om at det blir tatt med i planens føresegn at kommunens landbruksforvaltning skal	Dyrka mark. Det skal utarbeidast matjordplan. Dette er sikra i føresegnene. Sjå også planomtalen.

		involverast i prosessen med flytting av jordsmonn, samt leggje premissane for korleis dette gjennomførast innanfor ramma av matjordplanen. Forslag til matjordplan skal følge med som del av høyringsgrunnlaget ved offentleg ettersyn av reguleringsplanen. Statsforvaltar tilrår også at det blir sikra rettsleg at jordflyttinga skal vere gjennomført før det blir gitt ferdigstilling av tiltaket. Statsforvaltar ser det som sentral føresetnad at ny veg leggst «lett» i landskapet slik at skåringsutslag vert minst mogleg og at vegen mellom ny veg og «Nordigarden» vert tilbakeført til dyrka mark som kompensasjon for omdisponering og fragmentering av dyrka mark. Følgande må gjerast reie for i planarbeidet - Støy - Luftkvalitet - Estetisk utforming/landskapsestetikk - Universell utforming - ROS-analyse. Resultatet innarbeidast i plan og føresegn. - Prinsippa i nanturmangfaldslova §§ 8 – 12, jf. §7 - Vassforskrifta §12	Vegen er lagt så lett i terrenget som mogleg, med omsyn til stigning på vegen og tilrettelegging av landsbruksundergang. Eksisterande veg skal settast i stand til dyrka mark. Sjå planomtalen for dei aktuelle tema.
2.1	Agder Fylkeskommune, brev datert 06.12.23	Fylkeskommunen har følgende merknader til planarbeidet: Fylkeskommunen er positive til utbygging av rv. 9 med gul midtstripe, jf. Regionplan Agder 2030.	

		<u>Dyrka mark:</u> Dyrka marka er en viktig nasjonal interesse. Det visast til landbruksstrategi for Agder – verdiskaping gjennom jordbruk, skogbruk og øvrige næringer 2022 – 2024 (2022). Nedbygging av dyrka mark skal minimaliserast. <u>Innlandsfisk/vassforskrift:</u> Mål at vurderingar etter vassforskrifta gjerast så tidleg som mogleg i ein planprosess. Dersom planforslaget har tilstrekkeleg informasjon om tiltaket som syner at produksjons- moglegheitene for fisk eller andre organismar som lev i vatn ikkje blir forringa, kan fylkeskommunen vurdere at sakshandsaming etter plan- og bygningslova erstattar søknadsbehandling etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Tiltakshavar er ansvarleg for at nødvendige tiltak blir iverksett slik at vassførekomstane ikkje blir forringa, jf. Miljømåla i vassforskrifta § 4–7. Det må innhentast kunnskap om dagens tilstand, og grad av påverknad av nytt tiltak må talfestast og vurderast. <u>Kulturminne og kulturmiljø:</u> Det er ei rekke eldre bygningar frå ulike tidsperiodar i planområde, jf. SEFRAK-registeret og det er 3 uavklarte og eit automatisk freda kulturminne. Potensialet for konflikt med fleire automatisk freda kulturminne er stort. Naudsynt med arkeologisk registrering, jf. undersøkingsplikta etter kulturminnelova §9. Ønskjeleg at Nordgarden blir bevart på staden (inkl. tun og innmark), fylkeskommunen er skeptisk til ein vegtrasé som er i konflikt med tunet.	Sjå planomtale. Sjå planomtale og fagrappport frå Norce. Sjå planomtale og fagrappport kulturarv. Vald trase er lagt slik at det ikkje blir konflikt med Nordigard.
--	--	---	---

		Fylkeskommunen vurderer at Nedgarden med gardstunet og omkringliggende kulturmiljø har særleg høg verneverdi og vurderer at ein vegtrasé aust for tunet ikkje er aktuell. Ny vegtrasé må unngå konflikt med tun og innmark mot elva. Dersom vegtraseen berører fritidsbustaden på Solli (gnr./bnr. 18/7) må vegvesenet utarbeide ei fagvurdering av bygningen sin autensitet, plassering og konsekvensar. Avbøtande tiltak må takast med i planen. Dagens veg følgjer traséen for postvegen anlagt i 1840–åra. Forstøtningsmurar og stikkrenner i naturstein, steingjerde. Fylkeskommunen ber om detaljert gjennomgang av konstruksjonane og oppmodar til å tak i var desse mest mogleg. Miljøet om området vurderast å ha høg verneverdi. Bevaringsverdige kulturmiljø sikrast både i arealplankart og føresegn. Det må utarbeidast klare føringar for plassering, materialval og utforming av nye bygg samt riving/ending/flytting av eksisterande bygningar.	Vegen er lagt i dagens trase på vest sida av tunet ved Nedgarden. Opprinneleg trase (frå 1840 talet) støttar ikkje krava til kva som er mogleg å få til i dag. Detaljar som forstøtningsmurar og stikkrenner vil først bli avklara i byggeplanen. Bevaringsverdige kulturmiljø: Det søkast om dispensasjon for 5 kulturminne. Sjå planomtale, føresegner og plankart samt fagrapport kulturarv.
3	Mattilsynet, brev datert 11.12.23	<u>Drikkevatn:</u> Fleire vassverk har inntak av vatn frå Åraksfjorden/Byglandsfjorden. Vegprosjektet berører ikkje nedslagsfeltet/omsynssoner til vassverka direkte, men ein vesentleg forverring av vasskvaliteten i samband med anleggsfasen kan påverke drikkevassforsyninga til vassverka som tar vann frå fjorden. Viktig at det planleggast tiltak for å beskytte fjorden mot forureining av vatn i anleggsfasen. Vassforsyning til eksisterande busetnad må kartleggast og forsyninga må beskyttast	Vassforsyning og fare for forureining i anleggsfasen vil bli sikra gjennom YM-planen som utarbeidast i byggeplanfasen. Utfylling i vatn krev òg løyve etter forureiningslova.

		mot negativ påverknad (forureining og levering/kapasitet). <u>Plantehelse:</u> Mattilsynet viser til eigen informasjon knytt til flytting av jordmasse og spreiring av planteskadegjerarar.	Vassforsyning og verknad i byggefasen må løysast ulikt for de ulike eigedommane. Dette vil bli avklart i byggefasen. Plantehelse. Det vil bli utarbeide eigen matjord plan der dette blir ivareteke.
4	Norges vassdrags- og energidirektorat, brev datert 03.04.24	<u>Flaum:</u> Fleire vassdrag kryssar planområdet. Reell fare for flaum må vere avklart og tryggleiken dokumentert. <u>Omsyn til vassdrag og kantvegetasjon:</u> Det visast til aktsemdsplikta i vassressurslova §5. Verknadene av tiltaket må greiast ut og omsynet til vassdrag må ivaretakast. Utfylling i vatn og vassnære område bør unngåast. Det skal oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte langs vassdrag med årsikker vassføring. <u>Skred i bratt terreng:</u> store deler av planområdet ligg innanfor aktsemdområde for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred. Reell fare for skred må vere avklart og tryggleiken dokumentert.	Sjå planomtale og fagrapport hydrologi. Sjå planomtalen. Fjerning av kantvegetasjon krev løyve etter vassressurslova §11. Sjå planomtalen samt vedlegg 7 Geologisk rapport.
5	Bygland kommune, vedtak av 04.12.23.	Plan-, miljø- og ressursutvalet sin merknad til varsel om oppstart av planarbeid: <i>Bygland kommune er positive til framlagde oppstart av planarbeid om ny detaljregulering av rv. 9 gjennom Frøysnes.</i>	Ingen merknad.
Andre			

6	Glitre Nett AS, e-post av 20.11.23	Glitre Nett har lågspenlinjer/kablar i det aktuelle området som det må takast omsyn til.	Handterast i byggeplanfasen.
7	Jordvern Agder, e-post/brev av 17.12.23	Frøysnes representerer store kultur- og jordbruksverdier i et tradisjonsrikt dalføre. Variert vegetasjon, også varmekrevjande vekstar. Det er særleg viktig å ta vare på dyrka mark, jf. skjerpa jordvernpolitikk. Aktiv beiting i området med storfe og sau. Dagens drift medfører at det er behov for meir jord enn det som er på Frøysnes. Nedbygging kan få svært negative konsekvenser for gardsdrifta. Jordvern Agder anbefaler å la ny rv. 9 få ein trasé med standard og kurvatur slik at den i størst mogleg grad følgjer dagens trasé. Nord i bygda kan ikkje vegen byggast mot lia eller mot fjorden utan at det får alt for store konsekvensar for kulturlandskap og jordbruk. Foreslår ein kort miljøtunnel nær bytte mellom gnr./bnr. 18/ og 19/1, dyr, traktor og reiskap. Det må være mogleg å snu ein traktor i skråning ned mot vegen i sørleg del av Frøysnes. Sideterreng må utformast slik at det ikkje fører til unødig tap av dyrka mark. Veg som går ut må tilbakeførast til dyrka mark om den ikkje blir brukt lokalt. Matjord som fjernast må nyttast til dyrka mark på Frøysnes. Tap må erstattast med nydyrking.	Miljøtunnel ikkje aktuelt av omsyn til kostnader. Det er lagt inn røyr for beitedyr og ATV. Sjå planomtalen. Det skal utarbeidast matjordplan i byggeplanfasen. Punkt til matjordplan følgjer av planomtalen. Gjenliggande vegsløyfe skal settast i stand til dyrka mark.
8	Grunneigarar på Frøysnes, brev av 05.01.24	Planlegging av ny veg må ta spesielt omsyn til det unike kulturlandskapet og naturkvalitetane, og ikkje	

	minst den aktive landbruksdrifta og bumiljøet til dei som held liv i bygda. <u>Plassering og utforming av ny veg:</u> Grunneigarane viser til avtale om at vegen nord i bygda skal planleggast med fartsgrense 60 km/t. I nordre del av bygda er einaste akseptable alternativ for å vareta; landbruk, kulturlandskap, naturkvalitetar og bumiljø, ein reguleringsplan som er basert på alternativ «midt i» med avtalte 60km/t og minimums kurvatur. Ingen store inngrep i Nordigarsknausen. Veg og sideterreng må planleggast på ein slik måte at det medfører minst mogleg tap av jordbruksareal, minst mogleg ulemper for jord og skogbruk samt i størst mogleg grad bevarer bygdas kulturlandskap, naturkvalitetar og bumiljø. Stikkord er; sideterreng omgjerdast til fulldyrka jord, autotvern og natursteinmurar for å begrense tap, landbruksareal i lia må framleis kunne nyttast, tilgang i botnen av arealet med traktor, kryssing for traktor og dyr mellom gnr./bnr. 19/1 og 18/3, undergang for dyr nord for uthus på gnr./bnr. 18/3. Generelt bed ein om at ny veg må få same trase som den gamle vegen, eller så nær denne som mogleg. Unntaket er forbi 18/4, 19/4, 18/10, 18/7 og 19/5, der vegen bør kome meir mot vest utan at det medfører store inngrep/skjerjingar. Eventuell internveg for desse eigedomane bør senkast til før 1930 nivå slik at den passer betre til skulehus og avkøyring på 19/4 og	Det har vore dialog med grunneigarar og grunneigarane sin representant i heile planleggingsfasen. Avtalen det visast til er lovnad frå Statens vegvesen at alternativet «midt i» skulle utgreiast. I forprosjektfasen (fasen før reguleringsplanfasen) var det vanskeleg å få til ei løysing som tilfredsstillar alle krav til dimensjonering basert på fartsgrense 80 km/t ved Nordigarsknausen. Gjennom optimalisering i reguleringsplanfasen der grepet bl.a har vore å senke vegen i forhold til dagens trasé ved Nordigarsknausen, tilfredsstillar horisontalkurvaturen kravet til 80/km. Dette er viktig ut frå eit trafiksikkerheitsperspektiv då det vil være svært uheldig med ei krapp kurve når ein kjem frå nord. I dialog med skiltmyndigheitane er det lagt opp til at det skal bli ei skilta sone på 60 km/t gjennom sjølve bygda. Dette ønsket er ivareteke.
--	---	--

	bustadhus og avkøyring på 18/4. Internvegen kan ende i dyrka mark sør for dette. Mellom ny veg og eventuell internveg bør det settast opp fysiske tiltak for å skjerme busetnaden for støy. Dei delane av eksisterande veg som ikkje vil bli nytta som veg eller er ynskja av grunneigarane må gjerast om til jordbruksareal, fortrinnsvis fulldyrka jord. Alt tap av dyrka jord som følgje av ny veg og tiltak rundt denne må erstattast med nydyrking andre stader i bygda. Ny veg vil truleg medføre at nokre bygningar må flyttast / erstattast. For at desse skal kunne settast opp igjen andre stader i bygda er det krav om geologiske undersøkingar i forhold til ras og skred m.m. Ein ber om at geologiske undersøkingar i.f.m. reguleringsplanen vert gjort på ein slik måte at desse og kan leggst til grunn for handsaming av byggesøknader for bustader og andre bygningar på Frøysnes. <u>Reguleringsplanen må ta omsyn til fylgjande (ref kart):</u> <i>Avkøyringar</i> Reguleringsplanen må ta omsyn til alle avkøyringar jf. oversikt i merknad (og dei som er fjerna av vegvesenet i 2012). <i>Bekkar (overvatn og drenering)</i> Ein del bekkar (opne og lukka) er merka på kart. Ny veg vil medføre meir overvatn frå veg, grøfter, og sideterreng.	Dette ønsket er ivareteke (vegsløyfa ved Nordigarden). Det er avklart med Bygland kommune i forbindelse med oppstart av prosjektet at kun vegprosjektet skal omfattast av denne planen. Planarbeidet har teke omsyn til at alle eigedommar skal har trygge og sikre åtkomstar. Der direkte åtkomst ikkje er mogleg på grunn av trafiksikkerheit er åtkomst sikra gjennom føresegner til planen. Åtkomstar til naturreservatet er sanera.
--	--	---

	Det er og fare for endring av eksisterande vassvegar. Det må sikrast at alt vatn vert leia inn i røyr eller opne bekeløp som går ned til fjorden. Det må sikrast at desse har tilstrekkeleg kapasitet. Det må ikkje etablerast nye opne bekeløp. <i>Brønnar</i> Der er mange brønnar på Frøysnes, både i lausmasse og i fjell, med tilhøyrande vassrøyr, ref. kart. Reguleringsplanen må ta omsyn til brønnar og vassrøyr. Det er problem med å lage brønnar med god vasskvalitet på Frøysnes. Lausmassebrønnar vest for eksisterande veg har den beste vasskvaliteten. <i>Avløpsanlegg</i> Der er fleire avløpsanlegg og tilhøyrande avløpsrøyr på Frøysnes, ref. kart. Reguleringsplanen må ta omsyn til avløpsanlegg og avløpsrøyr. <i>Traktorvegar</i> Det er fleire traktorvegar (driftsvegar) for drift av skog på Frøysnes, ref. kart. Traktorvegar må sikrast, evt. byggast nye. <i>Opplagsplassar</i> Det er fleire opplagsplassar for tømmer på Frøysnes i samband med traktorvegar ref. kart. Ein av dei er brukt til riggplass for taubanedrift. Opplagsplassar må sikrast, evt. byggast nye.	Sjå planomtale og fagnotat hydrologi. Anvorbekken blir lagt om. Detaljplanlegging av stikkrenner og overvatn vil bli utført i byggeplanfasen. Vassforsyning og verkand i byggefasen må løysast ulikt for de ulike eigedommane. Dette vil bli gjort i byggefasen. Sjå også planomtalen. Det er tillat å anlegga evt. avløpsrør gjennom anna veggrunn (vegens sideområde). Ein legg opp til å enten kople seg på eksisterande anlegg der desse ligg utanfor plangrensa, eller gjennom avtaler med berørte grunneigarar. Dette må detaljerast i byggeplanfasen. Traktorvegar er sikra gjennom avkøyrslar eller gjennom føresegner i reguleringsplanen der det er tillat å til rette legge enten gjennom arrondering av LNFR område eller bruk av vegens sideområde. Dette er omtala i føresegnene òg i planomtalen. Det er ingen større opplagsplassar for moderne skogdrift innanfor planområdet, det er difor ikkje lagt særskilt til rette for dette.
--	--	--

		<i>Jordbruksareal</i> Ein del av arealet som er merket som overflatedyrka jord og innmarksbeite er klassifisert feil ref. kart. Dette er i realiteten fulldyrka jord. Reguleringsplanen må ta omsyn til all dyrka jord. Tap av dyrka jord må erstattast med nydyrking andre stader i bygda. <i>Fôringplassar</i> Fleire fôringplassar i lia vest for eksisterande veg, ref. kart. Må erstattast dersom dei bli øydelagde. <i>Kulturminne</i> Det er mange gamle steingjerde, terrasser og andre kulturminne i kulturlandskapet på Frøysnes. Nokre av dei er merka på kartet. Må takast omsyn til. <i>Bygningar</i> Reguleringsplanen må ta omsyn til at alle eksisterande bygningar skal kunne brukast fullt ut utan nye ulemper. Dersom bygningar må fjernast må desse flyttast til ny plassering eller det må settast opp erstatningsbygning. Plassering av desse bygningane må vere ein del av reguleringsplanen og vere sikra i høve til ras m.m. <u>Tiltak 2012</u> Reguleringsplanen må utarbeidast som om Staten vegvesen sitt tiltak frå 2012 ikkje har vore utført.	Det er teke utgangspunkt i klassifiseringa i markslagskartet (AR5) og av fagpersonars registrering i samband med synfaring. Reguleringsplanen tek omsyn til både overflatedyrka og fulldyrka jord. Fôringplassar blir ikkje berørt av vald trasé. Sjå planomtale og fagrapport. Reguleringsplankartet visar kva for bygg som må rivast/flyttast. For eigedomane gnr./bnr. 18/7 og 18/5 blei det etter ynskje frå grunnaigarane inngått avtale før planoppstart der Statens vegvesen kjøpte og innløyste eigedommane. Som del av denne avtalen skal «gamlestog» (som sto på gnr./bnr. 18/5) demonterast og settast opp at på ny plassering ved Søjordet (på vestsida av Byglandsfjorden rett ovanfor «Prestøyna i Bygland»). Setesdalsvegen 2325 må rivast i samband med ny veglinje.
--	--	---	--

	<u>Kommunedelplanar</u> Ein gjer merksam på at kommunedelplanar som omhandlar rv. 9 gjennom Frøysnes framleis er gjeldande. De er formelt ikkje oppheva etter plan- og bygningslova.	Bygland kommune har opplyst at dei kjem til å oppheve kommunedelplanen samstundes som dei vedtek reguleringsplan.
--	---	---

Tabell 2 – merknader til tilleggskunngjering

Merknad frå		Oppsummering	Statens vegvesen sin kommentar
Offentlege etatar			
1.2	Brev datert 21.06.24	Statsforvaltaren har ikkje innspel til tilleggskunngjeringa.	-
2.2	Brev datert 27.06.24	Arkeologi: det er naudsynt med ei arkeologisk registrering av området. Fylkeskommunen viser til tidlegare innspel.	Gjennomført.